



ÅRSMELDING 2010

La oss gjenvinne meir





ÅRIM – EIT MILJØFAGLEG KOMPETANSESENTER

ÅRIM tar i løpet av 2011 over kommunane sine lovpålagte oppgåver innan innsamling, gjenvinning og handsaming av avfall og slam. Selskapet skal legge vekt på miljøvennleg drift i alle ledd av avfallshandsaminga.

ÅRIM skal i tillegg vere eit rådgivande organ, kompetansesenter og ein serviceinstans for kommunane. Selskapet skal drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap og bevisstheit om avfallsreduksjon og miljøvennleg avfallsbehandling.

Innhald

Saman er vi sterke	s 4
Trygg forvaltning av kommunane sine renovasjonstenester	s 6
Rask auke i EE-avfall - ei utfordring	s 8
Opning av Sjøholtstrand Miljøstasjon	s 10
Årim - ein interkommunal miljøreiskap	s 12
Årsmelding	s 14
Resultatrekneskap	s 17
Balanse	s 18
Notar	s 19
Revisjonsmelding	s 22
Administrasjonen sin rapport	s 24
Balanse	s 25
Miljørapport	s 26
Vinnarteikningar etter teiknekonkurranse	s 29
Kontaktinformasjon	s 31

Redaksjon: ÅRIM
Foto: Peder Otto Dybvik, Edmund Melkild, ElRetur, Istockphoto
Trykk: PK Trykk.
Papir, Cocoon Offset, 100% resirkulert.





Ingeborg Ukkeøberg, Øystein Solevåg og Tor Langlo-Johansen i kontorlokala på Daaeskogen

Saman er vi sterke

ÅRIM har vore gjennom eit langt svangerskap. Etter ein omfattande planprosess valde dei tolv kommunane i Ålesundregionen i 2009 å opprette ÅRIM. Selskapet skal arbeide for eit meir effektivt, samordna og miljøvennlig renovasjonsstilbod. Dette vil komme nesten hundre tusen innbyggjarar til gode.

NO ER ORGANISASJONEN PÅ Plass

I 2010 er planane blitt verkeleggjort, organisasjonen er komen på plass og selskapet er i full drift. Øystein Solevåg tok til som dagleg leiar i februar 2010, frå august fekk selskapet Tor Langlo-Johansen som økonomiansvarleg og frå oktober Ingeborg Ukkelberg som kommunikasjonsrådgivar.

ÅRIM SI OPPGÅVE

Arbeidsoppgåva til ÅRIM er å organisere innsamlinga av alt avfall frå hushald i regionen. Dette er ei lovpålagt oppgåve dei tolv kommunane har løyst sjølve fram til i dag. Overtakinga vil skje i to etappar. Frå 31.

mai 2011 tek ÅRIM over ansvaret for hentinga av avfallet ute hos dei over 30 000 abonnentane. Frå 1. januar 2012 tek Årim over ansvaret for det avfallet innbyggjarane tek med seg til miljøstasjonane for å sortere der.

BRUKARUNDERSØKING GAV TYDELEGE SIGNAL

For eit selskap som har aktivitetar som får konsekvensar inn i kjøkkenbenken til kvar enkelt innbyggjar, er det viktig å lytte til kva ønskje folk har. I tillegg til ein dialog mellom ÅRIM og den enkelte kommune, vart det difor i mai 2010 gjennomført ei brukarundersøking blant innbyggjarane i alle dei tolv kommunane. Over 2700 innbyggjarar vart intervjuet. Undersøkinga gav

”

Det første store miljøløftet i det nye selskapet blit innfridd når alle innbyggjarane i regionen frå oktober 2011 får tilbod om innsamling av plastemballasje heime hos seg.

tydelege signal om kva innbyggjarane i regionen vår er nøgde og misnøgde med. Mellom anna sa halvparten av abonnentane at dei ikkje fekk, eller fekk for lite informasjon. Halvparten av desse sa at informasjonen var mangelfull, og seks av ti visste ikkje kva som skjer med avfallet deira etter at det blir samla inn. ÅRIM har med andre ord ei krevjande informasjonsoppgåve. Vi må gjere ein god innsats for å vekke interesse og for å nå fram med tydelege bodskap.


INNBYGGJARANE ØNSKJER MEIR KJELDESORTERING

Undersøkinga viste òg at fleirtalet ønskjer meir kjeldesortering og ei henteordning for plast. Her var det også interessant å sjå at dei som var mest positive, var abonnentane som hadde det best utrusta tilbodet og mest erfaring med å sortere frå før. Informasjonen frå brukarundersøkinga gir ÅRIM god støtte i planlegginga av eit nytt tenestetilbod for innbyggjarane i regionen.

INNSAMLING AV PLASTEMBALLASJE I 2011

Miljøomsyn er svært viktige for ÅRIM, vi arbeider for å gjenvinne mest mogleg av avfallet på ein trygg måte. Det første store miljøløftet i det nye selskapet blit innfridd når alle innbyggjarane i regionen frå oktober 2011 får tilbod om innsamling av plastemballasje heime hos seg. Plastemballasjen blir samla i eigne sekkar som blir henta saman med papiret. Meir enn tre firedelar av den platen innbyggjarane i ÅRIM sorterer ut, vil bli til ny plast, noko som sparer miljøet. Med innføringa av plastinnsamling i ÅRIM har meir enn åtti prosent av innbyggjarane i Noreg eit tilbod om henting av plast heime hos seg.

Det neste miljøløftet blir å sikre eit enda betre gjenvinningstilbod for abonnentane; at miljøstasjonane i regionen blir best mogleg tilrettelagt, og at innlevert avfall får høgst mogleg utnyttingsgrad.



I overkant av halvparten av personane i utvalet svarte at dei var positive til sortering av plastemballasje i spørjeundersøkinga, våren 2010.

Trygg forvaltning av kommunane sine renovasjonstenester

Renovasjonstenestene skal bli forvalta på best mogleg måte.

Økonomistyring og gode kontrollrutinar er område selskapet har særleg fokus på.

GODT GRUNNLAG FOR ØKONOMISTYRING

ÅRIM sine fremste styringsverktøy er budsjettet og ein treårig økonomiplan. Administrasjonen har hatt ein omfattande prosess i arbeidet med å hente inn og systematisere grunnlaga for desse dokumenta, eit arbeid der eigarkommunane har delteke og gitt mykje god hjelp og informasjon. ÅRIM opplever samarbeidet med kommunane som godt. Vi vil fokusere på å tryggje rutinar og styrke samarbeidet ytterlegare i tida framover.

I 2011 vil budsjett- og planarbeidet bli påbyrja på vårparten av året for å bli enda meir samkøyrte med kommunane sine budsjettarbeid. ÅRIM skal arbeide for å halde kostnadane på eit forsvarleg nivå samtidig som innbyggjarane får betra tenestetilbodet.

FAGSYSTEM MED ALLE ABONNENTSDATA

Eit viktig verktøy i forvaltninga av tenestene er eit godt fagsystem for renovasjon. I 2010 arbeidde administrasjonen med kravspesifikasjon for innkjøp av eit fagsystem der selskapet skal organisere abonnentsdata og halde styr på tenestene og tilbodet kvar einskild abonnent har. Fagsystemet er ein nøkkel i arbeidet med å drive innsamling av avfall. Her ligg abonnent-

registeret til selskapet, med oversikt over ulike abonnement, tømmeruter og avviksmeldingar, for å nemne noko. Systemet gir og fakturagrunnlaga som skal sendast til kvar kommune.

ABONNENTANE SINE RENOVASJONSKOSTNADAR

Abonnentane skal betale det renovasjonen kostar, Årim har difor fokus på å få fram dei reelle kostnadane til alle delar av tenestene før oppstart. ÅRIM vil fakturere kommunane for dei kostnadane abonnenta i kommunen har. Det er opp til kommunestyret i kvar kommune å fastsetje renovasjonsgebyra til abonnentane.

Dei viktigaste kostnadsområda er innsamling, sluttbehandling og administrative kostnader. Dei totale kostnadane for abonnentane er difor svært avhengig av at ÅRIM får gode avtalar på plass med leverandørane.

ÅRIM RAPPORTERER TIL MYNDIGHEITENE

ÅRIM er ansvarleg for rapportering av renovasjonsdata til myndighetene. Dette vil frå 2011 bli rapportert for heile ÅRIM området samla, og ikkje lenger skilt på kvar kommune. Selskapet skal arbeide for å få på plass så gode tal som mulig på dette området.

Økonomiansvarleg Tor Langlo-Johansen

”

Abonnentane skal betale det renovasjonstenestene faktisk kostar å produsere. Det er opp til kommunestyret i kvar kommune å fastsetje renovasjonsgebyra til abonnentane.

SJØLVKOSTPRINSIPPET

Sjølvkost inkluderer alle direkte og indirekte kostnader knytt til å produsere og levere, i vårt tilfelle, renovasjonstenester.

Kostnadsdrivarane i avfallssektoren er innsamling, transport, mottak, oppbevaring, behandling, etterkontroll, administrasjon og liknande. Nokre av kommunane har og spesielle ordningar som aukar eller minskar kostnadane i forhold til dei andre kommunane. Gebyra dekkjer inn kostnadane knytt til arbeidet som er relatert til renovasjonsarbeidet - verken meir eller mindre.

Undersøkingar som er utført for Avfall Norge viser at mange abonnentar trur at avfallshandtering og kjeldesortering er ei inntektskjelde for kommunane og avfallsselskapa. Dette stemmer sjølvstykke ikkje. Kommunane og ÅRIM skal ikkje tene pengar på avfallshandteringa.



Dagleg leiar Øystein Solevåg

Rask auke i EE-avfallet - ei utfordring

Høg kjøpekraft, rask teknologisk utvikling og kortare levetid på produkt gjer at mengdene med EE-avfall aukar opptil tre gongar så raskt som anna avfall. I haust sette returselskapa hentestopp, noko som resulterte i opphoping av EE-avfall på gjenvinningsstasjonane.

INNLEVERING AV EE-AVFALL

Forbrukarane har to alternativ når dei skal gjenvinne utrangert elektrisk og elektronisk avfall på ein forsvarleg måte. Dei kan enten levere produkta til butikkar som sel slike varer, eller levere produkta på ein av dei ti bemanna miljøstasjonane i Ålesundregionen.

PRODUSENTANSVAR

Det er produsentansvar for EE-avfall i Noreg. Dei som importerer og produserer elektriske og elektroniske produkt er òg ansvarleg for å organisere og finansiere eit retursystem for produkta som gir avfall. Forbrukarane kjenner dette som eit «miljøgebyr» ved kjøp av slikt utstyr. Rundt 90 prosent av EE-avfallet som kjem til retursystema går til ombruk, materialgjenvinning eller energiutnytting. Resten blir deponert eller brent utan energiutnytting.

RETURSYSTEMET I NOREG

I 2010 var det fire konkurrerande retursystem for EE-avfall i Noreg; Elretur, Renas, Ragn-Sells Elektronikkretur

(RSE) og Euroenvironment. Desse fire delte «marknaden» eller ansvaret for å samle inn EE-avfall mellom seg. Delansvaret deira var knytt til kor mange produsentar eller importørar dei har knytta til seg, altså til kor stor del av produkta dei har fått betalt for.

HENTESTOPP I OKTOBER

Utfordringane for kommunane i vårt område kom som følgje av at Elretur, som hadde henta det meste av EE-avfallet frå gjenvinningsstasjonane, stoppa hentinga frå 1. oktober. Dei hadde då henta sin marknadsdel. Renas, som i hovudsak samlar inn næringsselektro heldt fram med si innsamling, men gjorde det klart at dei ikkje ville ta imot større mengder småelektronikk, flat-skjermar og kjølemøblar. Dette førte til at EE-avfallet hopa seg opp på gjenvinningsstasjonane, noko som gav fare for forureining, meir innbrot og skadeverk og auka kostnader for kommunane.

For å løyse problema vart det inngått ein kontrakt mellom ÅRIM og Ragn-Sells Elektronikkretur, og frå

midt i november starta hentinga av EE-avfall opp att i kommunane våre.


ÅRIM HAR ENGASJERT SEG

Den situasjonen som oppstod hausten 2010 var uheldig. ÅRIM har difor engasjert seg gjennom bransjeorganisasjonen Avfall Norge for å få betre rammevilkår i 2011. Vi har stilt krav om betre kostnadsdekking for det arbeidet vi har med mottak av EE-avfall. Det er ikkje abonnentane som skal betale for det arbeidet importørane og produsentane har kravd inn miljøgebyr frå kundane sine for. Dessutan er det viktig at retursystema kan samarbeide slik at alt avfallet som kjem inn til våre mottak blir henta og forsvarleg behandla.

For 2011 ser situasjonen førebels noko betre ut, men ÅRIM vil ha fokus på å få på plass tryggare ordningar.

TO VIKTIGE PRINSIPP MÅ GJELDE VED HANDTERING AV EE-AVFALL:

- EE-avfallet må ikkje blandast med anna avfall, men leverast inn slik at vi får trygg gjenvinning
- Det er miljøgebyret på produkta som finansierer handteringa av EE-avfallet, ikkje renovasjonsgebyra til abonnentane. Kommunane skal difor få dekt kostnadene ved handteringa gjennom returselskapa.





Opning av Sjøholtstrand Miljøstasjon

Frå å ha eit mangelfullt tilbod, har Ørskog kommune i 2010 etablert ein flott og brukarvennleg miljøstasjon som gjer det enklare for innbyggjarane å gjenvinne avfallet sitt.

På den nyopna miljøstasjonen kan innbyggjarane i Ørskog no sortere og kaste alle typar avfall. Farleg avfall blir tatt forsvarleg hand om, øvrig avfall blir i størst mogleg grad nytta vidare til gjenvinning og gjenbruk. Med den nye miljøstasjonen vil meir bli gjenvunne, og miljøskadeleg avfall vil i mindre grad komme på avveg.

Sjøholtstrand Miljøstasjon kom på plass gjennom eit samarbeid mellom Ørskog kommune og ÅRIM. ÅRIM vart spurt om å komme med innspel i arbeidet med å etablere miljøstasjonen. Selskapet utarbeidde forslag på kva tenestetilbodet burde innehalde og kva avfall stasjonen burde ta imot, og bidrog vidare i prosessen med å få drifta igang saman med kommunen. Gjenvinningsstasjonen handterer miljøskadeleg avfall, det var difor viktig å sikre kvaliteten gjennom å definere krav til kompetanse og å få på plass gode HMS-rutinar. Avfallshandtering er kunnskapskrevjande. Vekst Ørskog, som står for drifta av stasjonen, har difor utvikla nød-

vendig kompetanse i bedrifta. Og med fagleg dyktig bemanning yter bedrifta god service, og gir innbyggjarane eit tilbod som gjer det enklare å vere miljøvennlege i kvardagen.

Gjennom heile prosessen har det vore fokus på å få på plass løysingar innanfor kommunen sine økonomiske rammer. ÅRIM har og stått for utarbeiding av skilt som informerer om kva som skal sorterast kvar.

Ordførar Thorbjørn Fylling sto for den offisielle opninga. Ivrigte born frå Årøyhaugen barnehage deltok med stort engasjement og innvia stasjonen saman med tilsette frå Vekst Ørskog, kommunen og ÅRIM.

Sjøholtstrand Miljøstasjon ligg i underetasjen av industribygget vest for Sjøholt sentrum. Stasjonen er open to dagar i veka, samt første torsdag og laurdag i månaden.

Opning ved, frå venstre: Ingeborg Ukkelberg, ÅRIM, ordførar Thorbjørn Fylling, og Anders Hallstenson, Vekst Ørskog.



PÅ MILJØSTASJONANE KAN DU KASTE:

- Restavfall
- Papp og kartong
- Plast
- Metall
- Trevirke
- Elektrisk
- Lysrør, lyspærer etc
- Gips
- Isopor
- PCB-vindauge
- Dekk utan felg
- Blybatteri
- Farleg avfall

MILJØSTASJONAR:

Ein bemanna miljøstasjon tek imot avfall frå abonnentane. Stasjonane har personell som rettleiar og handterer avfallet på ein trygg og forsvarleg måte. Miljøstasjonane er ein del av renovasjonstilbodet.

Dei tolv ÅRIM-kommunane har tilsaman ti miljøstasjonar; Gjøvundneset i Giske, Nøsa i Haram, Djupøyna i Norddal, Breivika i Sandøy, Vinjesanden i Stordal, Kjølen i Stranda, Bingsa i Ålesund, Jarnes i Sykkylven, Øveråsli i Vestnes og Sjøholtstrand i Ørskog.



Styreleiar Linda Strand Kjærstad

ÅRIM - ein interkommunal miljøreiskap

Interkommunale samarbeid på renovasjonsområdet er etablert i bindande former i ein forholdsvis kort periode frå 1985 til i dag. I Ålesundsregionen vedtok ÅRU-kommunane i februar 2009 å stifte ÅRIM. Utkastet til selskapsavtale var då vedtatt i alle dei 12 medlemskommunane. Selskapets øvste organ, representantskapet, valde styre i juni 2009. Det blei i tråd med krava i selskapsavtalen lagt vekt på ei styresamansetting som samla skulle dekkje sentrale kompetanseområde for selskapet. Dei faktorane valkomiteen la til grunn var miljøfagleg kompetanse, næringslivserfaring, kunnskap om og erfaring frå offentleg forvaltning, kunnskap om kvalitetssikring og internkontroll, lokalkunnskap og generell styrekompetanse. Styret hadde sitt første konstituerande møte i august 2009.

I løpet av 2010 har ÅRIM fått driftsorganisasjonen på plass. Dagleg leiar starta arbeidet sitt i februar, medan økonomiansvarleg og kommunikasjonsrådgivar blei tilsett og starta opp i siste halvdel av 2010. Styret er svært godt nøgd med den faglege kompetansen og innsatsviljen dei tilsette har vist. Arbeidsoppgåvene har vore omfattande, og kravet til sjølvstendig arbeid uvanleg stort. Styret har og hatt ei sær s utfordrande rolle i denne perioden, med eit høgt tal styremøte der både informasjonsinnhenting frå ulike faglege instansar, og drøfting av konkrete faglege og administrative saker har vore arbeidskrevjande. Sjølv om det framleis er område der avklaringar må gjerast i forholdet mellom eigarkommunane og ÅRIM, må sentrale rammer og premisser for ÅRIMs funksjon framover no seiast å vere

på plass. Prosessar for inngåing av nødvendige avtalar for å utføre dei funksjonane eigarane våre har lagt til grunn at ÅRIM skal ha er i gang. Desse prosessane følgjer styret svært tett.

Selskapet skal ifølgje selskapsavtalen avgjere i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, eller andre. Prosessar knytt til dette vil få stor merksemd framover. I budsjettet for 2011 er det lagt til grunn at eigarkommunane skal stille personell til rådvelde for ÅRIM. Neste steg vil bli ei klargjering og formalisering av samarbeidsformer både når det gjeld anlegg, utstyr og personell. Det må her nemnast at den assistansen ÅRIM har fått frå Ålesund kommune i etableringsfasen har vore av uvurderleg verdi. I tillegg til å stille kontor til disposisjon, har ÅRIM hatt høve til å nytte kommunen sitt fagpersonell i ulike administrative samanhengar. Dette har vore avgjerande for framdrifta.

ÅRIM skal sørge for at lovpålagde oppgåver innan renovasjon og slambehandling blir utført. For at desse oppgåvene skal løysast, blir innbyggjarane i kommunane fakturerte etter sjølvkostprinsippet. Dette representerer eit stort samfunnsansvar for ÅRIM. Ettersom vi er pålagt å vektleggje miljøvennleg drift i alle ledd av avfallsbehandlninga, vil det alltid kunne stillast spørjeteikn ved praktiseringa av det myndet vi er tillagt. Tolkninga av omgrepet miljøvennleg vil sjølvstendig kunne variere, og slik gi grunnlag for debatt omkring våre prioriteringar. Slik bør det også vere. ÅRIM vil framover legge stor vekt på solid kunnskapsinnhenting og grundige prosessar knytt til endring av ordningar og eventuell innføring av nye ordningar innanfor vårt ansvarsområde. Her vil vi som selskapsavtalen legg til grunn ta utgangspunkt i vedtatte sentrale og lokale miljømål. Økonomiske konsekvensar vil imidlertid bli grundig vurdert og tilagt avgjerande vekt.

Informasjonsarbeidet vil stå sentralt i tida framover.

Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvennleg avfallsbehandling. Selskapet skal og vere eit rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane. Etter ein periode der avklaring av relativt konkrete forhold knytt til etablering av selskap og inngåing av nødvendige avtalar har hatt størst fokus, vil kommunikasjon med eigarkommunane og innbyggjarane bli stadig viktigare framover. Styret er svært bevisst på dei mange utfordringane dette representerer, og vil vie dette sær stor merksemd.

Interkommunale selskap er krevjande selskapskonstruksjonar, mellom anna fordi dei har stor grad av sjølvstende. Eigarane utøver sitt mynde gjennom representantskapet, som er selskapet sitt øvste organ. Styret og dagleg leiar har vesentleg ansvar for verksemda i interkommunale selskap. Når denne selskapsforma er vald av kommunar på renovasjonsområdet, er dette ifølgje Kommunenes Sentralforbund fordi selskapsforma gir kommunane moglegheit for større påverknad enn aksjelova ville ha gitt. Politiske føringar er mogleg. Den einskilde eigarkommuna har instruksjonsrett overfor sine medlemmar i representantskapet og kan slik leggje føringar for deira funksjon. Det blir følgjeleg avgjerande for ÅRIM at kommunane er i stand til å utøve si eigarmakt på ein for selskapet forutsigbar og relativt samordna måte. Fleire av kommunane arbeider no med eigarskapsmeldingar der mellom anna tilhøvet til ÅRIM blir drøfta. Dette er viktige prosessar som over tid vil kunne bidra til overordna og heilskapleg styring av ÅRIM.

For styret i Årim er det avgjerande at dei styrings-signala eigarane gir er eintydige, og at det ansvaret vi har påtatt oss står i høve til den myndigheit eigarane reelt sett gir oss. Det er viktig at grensegangen mellom selskapet sine to styringsorgan er så klar som mogleg for slik å sikre at dei kommunale ressursane blir nytta best mogleg og i tråd med måla i selskapsavtalen.

SELSKAPET SITT FØREMÅL

Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap IKS er eit avfallsselskap eigd av kommunane Giske, Haram, Skodje, Sula, Ørskog, Ålesund, Vestnes, Sandøy, Stordal, Norddal, Stranda og Sykkylven. Eigarane heftar for disposisjonane til selskapet i forhold til innbyggjartalet i kvar kommune. Selskapet sin administrasjon ligg i Ålesund kommune.

Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap IKS (ÅRIM) skal utføre dei lovpålagte oppgåvene medlemskommunane har innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål. Selskapet kan gi tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskeleg og økonomisk forsvarleg.

Selskapet skal leggje vekt på miljøvennleg drift i alle ledd i avfallsbehandlingen. Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap eller private næringsdrivande. Selskapet skal òg vere eit rådgivande organ og kompetansesenter for medlemskommunane, og drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvennleg avfallsbehandling.

DRIFTSAKTIVITET

Selskapet har i 2010 førebudd overtakinga av oppgåver frå eigarkommunane. Dei viktigaste aktivitetane har vore knytt til å få på plass personell, lokale, interne rutinar, avtalar med innsamlarar og å få avklart kva tenestetilbod abonnentane i regionen skal få frå 2011. Det har vore tett kontakt med dei driftsansvarlege i dei tolv eigarkommunane.

RESULTAT OG UTVIKLING

Selskapet har i 2010 hatt inntekter i form av overføringer frå eigarkommunane. Selskapet fekk totalt overført 3 300 000 kr til drift for 2010, noko som tilsvarer dei budsjetterte kostnadane for året. Driftskostnadane for året var 2 628 651 kr, mot 479 288 kr i 2009. Av dette var 1 778 616 kr løn og honorar, mot 386 228 kr i 2009. Finanspostane var på kr 38 267,-. Dette gir eit resultat på 709 616 kr, mot resultatet på - 479 288 kr i 2009. Resultatet skuldast at selskapet hadde lågare kostnader enn forventa, mellom anna ved at selskapet fekk leige kontor og kjøpe tenester av Ålesund kommune. Selskapet har ikkje gjort investeringar i 2010 som balanseførast.

FINANSIELL RISIKO

Selskapet har ikkje lån og har difor ikkje vore påverka av rentenivået i 2010. Selskapet har utarbeidd ein plan for økonomistyringa av selskapet. Eigenkapitalen i selskapet er ikkje stor nok til å kunne handtere negative sjølvkostfond. Det skal i følgje økonomiplanen utarbeidast ei vurdering av den framtidige eigenkapitalsituasjonen. Sidan prisane til eigarkommunane vil vere baserte på sjølvkost, vil risikoen knytt til framtidige resultat i Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap IKS vere liten.

FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR

Sidan selskapet er under etablering har det i liten grad vore gjennomført forskings- og utviklingsaktivitetar i 2010. Ålesundregionen Utviklingssekskap IKS (ÅRU) tok initiativ til å gjennomføre ei brukarundersøking for vatn, avløp og renovasjon. Årim tok del i arbeidet med utforming og gjennomføring av denne. I tillegg har dagleg leiar vore medlem i programkomiteen for vårkonferansen 2011 til Avfallsforum Møre og Romsdal.

YTRE MILJØ

Selskapet arbeider systematisk for å redusere miljøbelastninga på tre felt:

- 1) Ved å gi innbyggjarane i Ålesundregionen eit best mogleg tilbod, for dermed å auke mengdene avfall som går til gjenvinning.
- 2) Ved å stille strenge krav til leverandørane om å ta miljøomsyn ved gjennomføringar av aktivitetar for ÅRIM.
- 3) Ved å arbeide for å redusere miljøbelastninga av administrasjonen og drifta av selskapet sjølv. I drifta av selskapet i 2010 er det teneste reisene som har hatt størst negativ miljøverknad.

Selskapet har etablert tiltak og rapportering på alle dei tre feltene i 2010.

ARBEIDSMILJØ OG VERNEARBEID

Tor Langlo-Johansen er verneombod i selskapet. Selskapet har vedteke å knyte seg til ei verne- og helseteneste.

Ved utgangen av 2010 blir arbeidsmiljøet vurdert som tilfredsstillande. Selskapet flytta inn i nye kontorlokale i starten av 2011. Det er ikkje registrert skadar eller ulykker, verken personskadar eller materielle skadar.

PERSONAL

Det var ingen tilsette ved inngangen til 2010. Ved utgangen av 2010 var det 3 tilsette i selskapet, to menn og ei kvinne. Totalt hadde selskapet 1,55 årsverk i 2010. Kjønnfordelinga i selskapet sitt styre er etter IKS-lova sitt krav oppfylt, 42,8 % av dei faste medlemmene er kvinner.

LIKESTILLING

Selskapet sin personalpolitikk er kjønnsnøytral. Ved utlysing av nye stillingar har styret brukt tilrådde formuleringar frå Likestillings- og diskrimineringsombodet: "ÅRIM er oppteke av mangfald, og vi ønskjer å spegle mangfaldet i samfunnet. Vi oppmodar difor kvalifiserte personar til å søke, uansett alder, kjønn, funksjonsevne eller kulturell bakgrunn." Det er ikkje planlagt eller iverksett ytterlegare tiltak for å fremje likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling.

FRAMTIDSUTSIKTER

Etter styret si vurdering gir det framlagde resultatrekneskapet og balanse med notar eit riktig bilete av verksemda sitt resultat for 2010, og den økonomiske stoda ved årsskiftet. Det har ikkje kome fram tilhøve eller hendingar etter avslutninga av rekneskapen som får innverknad på denne vurderinga. Styret stadfestar at føresetnadane for framleis drift av selskapet er til stades ved framlegging av årsrekneskapen.

REPRESENTANTSKAP OG STYRE

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Totalt er det seksten medlemmer frå dei tolv eigarkommunane. Representantskapet hadde fire møte i 2010. Styret har ansvaret for organiseringa av selskapet si verksemd. Styret hadde tolv møte i 2010. I tillegg hadde styret ei strategisamling.



Elbjørg Gui Standal, Lillian Flem Fylling, Trond T. Lauritsen, Kjell Godø Dyb, Linda Strand Kjerstad, Ragnar Lødøen og Lars Kolbjørn Nogva

Ålesund 15. mars 2011

 Linda Strand Kjerstad (styreleiar)	 Kjell Godø Dyb (nesteleiar)	 Lars Kolbjørn Nogva	 Elbjørg Gui Standal
 Trond T. Lauritsen	 Lillian Flem Fylling	 Ragnar Lødøen	 Øystein Peder Solevåg (dagleg leiar)

RESULTATREKNESKAP

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	NOTE	2010	2009
Driftsinntekter			
Driftstilskot frå eigarane	1	3 300 000	0
Sum driftsinntekter		3 300 000	0
Driftskostnader			
Løn, honorar, arbeidsgivaravgift	2	1 778 616	386 228
Andre kostnader	2	850 035	93 060
Sum driftskostnader		2 628 651	479 288
Driftsresultat		671 349	-479 288
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Renteinntekter		38 417	0
Rentekostnader		150	0
ÅRSRESULTAT		709 616	-479 288
Disponering av årets resultat: Overført til annan eigenkapital	4	709 616	-479 288

EIGENDELAR	NOTE	2010	2009
Omløpsmidlar			
Fordringar:			
Tilgode meirverdiavgift		113 072	0
Andre kortsiktige fordringar		1 341	406 940
Sum fordringar		114 413	406 940
Bankinnskot	3	1 499 924	0
SUM EIGENDELAR		1 614 337	406 940
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital	1	500 000	500 000
Annan eigenkapital		230 328	-479 288
Sum eigenkapital	4	730 328	20 712
Kortsiktig gjeld:			
Leverandørgjeld		45 907	0
Offentlege avgifter		139 407	0
Pådratte honorar og feriepengar		569 447	386 228
Andre pådratte kostnader		129 248	0
Sum kortsiktig gjeld		884 009	386 228
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 614 337	406 940

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år.

Omløpsmiddel blir vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.

Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

NOTE 1 DRIFTSTILSKOT / INNSKOTEN EIGENKAPITAL FRÅ EIGARKOMMUNANE


Kommune	Driftstilskot	Innskoten eigenkapital
Giske kommune	240 900	36 500
Haram kommune	303 600	46 000
Skodje kommune	132 000	20 000
Sula kommune	270 600	41 000
Ørskog kommune	75 900	11 500
Ålesund kommune	1 478 400	224 000
Vestnes kommune	227 700	34 500
Sandøy kommune	46 200	7 000
Stordal kommune	36 300	5 500
Norddal kommune	62 700	9 500
Stranda kommune	161 700	24 500
Sykkylven kommune	264 000	40 000
	3 300 000	500 000


Linda Strand Kjerstad
(styreleiar)


Kjell Godø Dyb
(nestleiar)



Lars Kolbjørn Nogva


Ellbjørg Gui Standal


Trond T. Lauritsen


Lillian Flem Fylling


Ragnar Lodoen


Øystein Peder Solevåg
(dagleg leiar)

NOTE 2 LØNSKOSTNADER

	2010	2009
Løn og feriepengar	852 139	0
Honorar til styre/representantskap	605 850	338 500
Arbeidsgivaravgift	213 272	47 728
Pensjon, gruppeliv og yrkesskade	107 355	0
	<u>1 778 616</u>	<u>386 228</u>

Selskapet hadde 3 tilsette pr. 31.12.2010. Det er etablert ei ytingsbasert pensjonsordning i KLP for alle tilsette. Pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

NOTE 3 BANKINNSKOT

Herav bundne bankinnskot kr. 79.749.

NOTE 4 EIGENKAPITAL

	Innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 1.1.2010	500 000	-479 288	20 712
Årets endring av eigenkapital	-	-	
Årsresultat		709 616	709 616
Eigenkapital 31.12.2010	500 000	230 328	730 328

YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR

	Dagleg leiar	Styreleiar	Styre	Representantskap
Løn/honorar	451 282	98 350	227 000	200 000
Yting til pensjonsforplikting	53 124			
Andre godtgjersler	13 990		9 388	
Sum	<u>465 272</u>	<u>98 350</u>	<u>236 388</u>	<u>200 000</u>

Dagleg leiar har inga etterlønsavtale utover oppseingstid på 3 månader. Styreleiar har inga avtale om etterløn. Verken dagleg leiar eller styreleiar har avtalar om bonusordning. Styreleiar har motteke 98 350 kr i 2010. Av dette er 70 000 kr styrehonorar og 28 350 kr for ekstraarbeid i samband med oppstart av selskapet. Nestleiar i styret har motteke godgjersle på 40 000 kr. Øvrige styremedlemer har motteke godgjersle på 35 000 kr. Vara-medlemmer har ei godgjersle på 3 000 kr pr møte. Selskapet har ikkje aksje- og opsjonsordningar retta mot tilsette, det ligg heller ikkje føre nokon plan om slike ordningar. I revisorhonorar er det i 2010 betalt 6000 kr ekskl. mva. Honoraret gjeld i si heilheit revisjon. Det er ikkje gjort investeringar i 2010 som er balanseført.

Til representantskapet i
Ålesundregionen Interkommunale Miljøelskap IKS

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Ålesundregionen Interkommunale Miljøelskap IKS, som er samansett av balanse per 31. desember 2010 og resultatrekneskap som viser eit overskot på kr 709 616,- for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggsbestemmelser i i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Ålesundregionen Interkommunale Miljøelskap IKS per 31. desember 2010 og av resultatet og endringar i eigenkapitalen for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggsbestemmelser i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god rekneskapskikk i Noreg.

Postadresse
Postboks 7734 Spjellkavik

Besøksadresse
Lerstadvegen 545, 4. etg.

Telefon
70 17 21 50

Telefaks
70 17 21 51

Bankkonto
6540 05 00465

6022 ÅLESUND

E-postadresse
komrev3@komrev3.no

Foretaksregisteret
NO 971 562 587

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.


Konklusjon om årsmeldinga


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund, 16. mars 2011



Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar


Knut G. Alnes
registrert revisor



DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER				
	Rekneskap 2010	Budsjett 2010	Avvik	Rekneskap 2009
Driftstilskot	3 300 000	3 300 000	0	0
Sum driftsinntekter	3 300 000	3 300 000	0	0
Driftskostnader				
Lønskostnader	1 778 616	1 653 000	125 616	386 228
Avskrivningar	0	10 000	-10 000	0
Leige lokale	49 500	100 000	-50 500	0
Andre kostnader lokale	2 750	50 000	-47 250	0
Leige maskiner inventar etc.	3 568	15 000	-11 432	0
Rekvisita og utstyr	99 015	100 000	-985	0
Vedlikehold	5 804	0	5 804	0
Revisjonshonorar	6 000	6 000	0	0
Rekneskaphonorar	19 200	50 000	-30 800	0
Kontorrekvisita	8 261	20 000	-11 739	0
Aviser, tidsskrift	16 745	30 000	-13 255	0
Møte, kurs	103 167	225 000	-121 833	0
Telefon og datakommunikasjon	17 108	15 000	2 108	0
Bilgodtgjersle	32 000	25 000	7 000	0
Reisekostnad oppgavepliktig	6 312	25 000	-18 688	0
Reisekostnad ikkje oppgavepliktig	64 315	100 000	-35 685	10 915
Reklame, annonser	76 405	75 000	1 405	64 892
Kontingentar	125 612	120 000	5 612	0
Forsikring	0	0	0	0
Bank- og kortgebyr	60	5 000	-4 940	0
Andre kostnader	214 213	675 000	-460 787	17 253
Sum driftskostnader	2 628 651	3 299 000	-670 349	479 288
Driftsresultat	671 349	1 000	670 349	-479 288
FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER				
Renteinntekt av bankinnskot	38 417	0	38 417	0
Annan rentekostnad	150	0	150	0
RESULTAT HITIL I ÅR	709 616	1 000	708 616	-479 288

	2010	2009
EIGENDELAR		
Omløpsmidlar		
Fordringar		
Tilgode meirverdiavgift	113 072	0
Andre kortsiktige fordringar	1 341	406 940
Sum fordringar	114 413	406 940
Bankinnskot, kontantar og liknande		
Bank	1 499 924	0
Sum bankinnskot, kontantar og liknande	1 499 924	0
SUM EIGENDELER	1 614 337	406 940
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital		
Innskoten eigenkapital	500 000	500 000
Udekket underskot tidlegare år	-479 288	-479 288
Udisponert resultat i år	709 616	0
Sum eigenkapital	730 328	20 712
Gjeld		
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	45 907	0
Offentlege avgifter	139 407	0
Pådregne feriepengar	91 368	0
Pådregne honorar	478 079	386 228
Andre pådregne kostnader	129 248	0
Sum kortsiktig gjeld	884 009	386 228
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	1 614 337	406 940



MEIR MILJØVENNLEG AVFALLSHANDTERING MED ÅRIM


ÅRIM arbeider for at innbyggjarane skal kjeldesortere meir av avfallet sitt. Det vil seie mindre til restavfall og meir til gjenbruk eller gjenvinning. For å oppnå dette må tenestetilbodet utviklast og tilretteleggjast, og abonnentane treng betre informasjon. Løysingane ÅRIM foreslår baserer seg på lokale og nasjonale målsetjingar og avfallspolitikk.

LOKALT:

Dei fleste ÅRIM-kommunane har utarbeidd miljø- og klimaplanar. Desse er eit av fleire verktoy i arbeidet med å legge til rette for eit likt og betra tenestetilbod i kommunane. Planane gir oss eit kunnskapsgrunnlag i forhold til situasjonane og strategiane kvar kommune har når det gjeld miljø og renovasjon. Planane fortel og noko om kva utfordringane er og kva potensial kvar kommune meiner finst for betringar.

NASJONALT:


Utslepp av klimagassar frå avfallshandtering er ei utfordring, og styresmaktene arbeider med å effektivisere verkemiddelbruken og auke mengda avfall som går til material- og energigjenvinning. Avfallshierarkiet er ein modell som illustrerer prioriteringane i norsk avfallspolitikk og EU sitt rammedirektiv for avfall. Hierarkiet seier noko om korleis vi bør handtere avfallet ut frå eit forbruks-, helse- og miljøperspektiv.



- 1. AVFALLSREDUKSJON**
Mål ein er å redusere avfallsmengda. Dagens mål er at veksten i avfallmengdene skal vere lavare enn den økonomiske veksten.
- 2. OMBRUK**
Mål to er å bruke ting om igjen framfor å kaste
- 3. MATERIALGJENVINNING**
Mål tre er at material som er brukt ein gong blir brukt på ny gjennom materialgjenvinning. Dette betyr meir avfall til gjenvinning.
- 4. ENERGIUTNYTTING**
Vi kan brenne avfall og utnytte varmen som energi
- 5. MINST MOGLEG AVFALL PÅ DEPONI (FYLLING).**
Frå 1 juli 2009 vart det forbod mot deponering av nedbrytbart avfall i Noreg.



Ei av vinnarteikningane etter teiknekonkurransen ÅRIM arrangerte vår 2010. Teikninga "By av avfall" er eit gruppeprosjekt av Anna, Marte, Josefa og Iselin som då gjekk i 3 klasse ved Solevåg skule, Sula kommune.







UTVIKLING I HUSHALDSAVFALLET I KOMMUNANE

Modellen viser utviklinga i hushaldsavfall pr innbyggjar i ÅRIM-kommunane samanlagt, i perioden 2007-2009. Samla mengde hushaldsavfall i 2009 var nesten 37 000 tonn.




UTVIKLING I AVFALLSMENGER

Dei fire tabellane viser tal på innsamla avfall frå fire av fraksjonane som blir samla inn i regionen. Tala er frå dei tre siste åra. Vi forventar sjølvstekt at tabellen som viser mengde plast, vil få ei merkbar auke frå år til år etter at plastinnsamling blir iverksett i alle kommunane.



FORENKLA KLIMAMODELL:



KLIMAREKNESKAP I ÅRIM

ÅRIM stiller strenge miljøkrav ved innkjøp av produkt og tenester. Det er difor viktig å vere opne om kva utslepp vi forårsaker og kva tiltak vi iverkset i forhold til ytre miljø. Selskapet har utarbeidd eit klimarekneskap for året som har gått.

Tala for 2010 viser små utslepp, noko som ber preg av av bedrifta har vore under oppstart. Utsleppa til ÅRIM i 2010 er først og fremst knytt til reiseaktivitet og vareinnkjøp. Reiseaktiviteten er relatert til møte hos kommunane, samt kurs og seminar.

Klimarekneskapan kjem til å endre seg merkbart følgjande år. ÅRIM vil bli ein stor forbrukar av drivstoff og

energi når vi tek over renovasjonstenestene. Selskapet vil forårsake store indirekte og direkte utslepp gjennom innsamling og behandling av avfall, og drift av tenestetilbodet forøvrig.

Men gjenvinning har klimanytte. Material blir samla inn og nytta til energi, eller som råvare i ny materialproduksjon. Dette fører til reduserte klimagassutslepp ved at gjenvinninga reduserer uttaket av eller bruken av nye, jomfruelege, ressursar. Klimarekneskapan vidare vil dermed synleggjere at ÅRIM er med på å redusere klimagassutsleppa i regionen.

Rapporteringa er ein del av arbeidet med å få ÅRIM sertifisert som Miljøfyrtårn.

UTSLEPP - TRANSPORT

Bil	1,0 tonn CO ₂
Fly	1,3 tonn CO ₂



Vinnarteikning av Frida Petrine Ulrick Rypdal som då gjekk i 3 kl, Tresfjord skule, Vestnes kommune

KONTAKT ÅRIM:

- ØYSTEIN SOLEVÅG
- Dagleg leiar
- E-post: oystein@arim.no
- Direkte: 70 16 41 80
- Mobil: 402 34 705

- INGEBORG UKKELBERG
- Kommunikasjonsrådgivar
- E-post: ingeborg@arim.no
- Direkte: 70 16 41 81
- Mobil: 911 14 435

- TOR LANGLO-JOHANSEN
- Økonomiansvarleg
- E-post: tor@arim.no
- Direkte: 70 16 41 82
- Mobil: 979 75 132



Vinnarteikning av Ingrid Naalsund som då gjekk i 4B, Åse skule, Ålesund kommune

ÅRIM - ÅLESUNDREGIONEN INTERKOMMUNALE MILJØSELSKAP IKS

Langelandsvegen17 - 6010 ÅLESUND - Telefon 70 16 41 80 - www.arim.no - org nr 994 717 286

JA, det nyttar

